

GO' MORGON NORDHORDLAND

TIPS OSS 916 20 916
E-post: redaksjonen@nordhordland.no



Trond Roger Nydal
Redaktør
trond.nydal@nordhordland.no
488 91 138



Morten Sæle
Journalist/fotograf
morten.saele@nordhordland.no
415 30 179

Kvernhusaugane 12, Knarvik senter - 5914 Isdalstø - Tlf. 56 35 55 55 - redaksjonen@nordhordland.no • Kjem ut onsdag og laurdag

Knarvik vidaregåande skule arrangerte miljødag for alle 1000 elevane

Elevane: - Håpar det blir e

For første gong arrangerte Knarvik vidaregåande skule miljødag for alle dei 1000 elevane sine.

SIRILL HEIMDAL
sirill.heimdal@nordhordland.no

- Eg håper at dei har ein slik dag neste år også, fortel Victoria Olsen (17).

Onsdag i forrige veke fekk elevane ved Knarvik vgs. prøve seg på ei rekkje ulike aktivitetar, som alle handla om miljø.

Dei kunne blant anna velje mellom «plogging», som er kombinasjonen av jogging og bossplukking, insekthotell og studie av livet i fjæra.

- Eg har fått mange tilbakemeldingar om at elevane synast dette var kjempe kjekt, seier rektor Ulrik Schütz.

Laga biehotell

- Hittil i dag har vi fanga insekt, og etterpå skal vi bygge insekthotell. Det har eigentleg vore ganske gøy, synest Magnus Thorson.

Han fortel vidare at det dessverre ikkje akkurat er høgseong for småkryp no, så alt dei fann var mark og små-mygg.

- Vi starta også med å sjå film om at insekta forsvinn. Det er viktig å skjønne at det er eit ekte problem, seier han.

Etter lunsj starta dei med å bygge biehotell. Små trehus fylt med pinnar, blommar, blandar, konglar og treblokkar med hol i seg som biene kan bu i.

Ein anna som også valte insekthotell, var 17-år gamle Victoria Osvold

- Eg er ganske nøgd med kva vi gjer i dag. Eg har planar om å henge opp hotellet når det er meir sesong for det igjen, seier ho.

Ho fortel at ho gjerne vil at skulen skal arrangere miljødag neste år også.

Sjølv går Osvold andre året på studiespesialiserande. Dette er ei linje kor elevane gjerne har ein mindre aktiv skulekvardag.

- At dei også får ein slik dag kor dei kan gjere noko aktivt og skape noko, trur eg er bra for dei. Det er i alle fall veldig ivrig no. Meir ivrig enn eg har opplevd før, smiler Marianne Sen-

neseth som til vanleg har klassen i norsk.

- Å snakke om berekraft hjelper ikkje

Elevane, som ikkje var på sjølve skulen, var spreidd over fleire plassar. Nokon var blant anna hjå NGIR og nokon på Vilvitesenteret i Bergen. Omtrent 200 elevar var samla på Håøy.

- Vi ville eigentleg vere på museum, men vi er positivt overraska over programmet her, seier Aurora Tjore (19).

På Håøy var det fleire opplegg for elevane. Dei fekk blant anna opplæring i kva som finst i sjøen, kunnskap om berekraft og fleire fekk seg ein tur i robåt.

- FN Sambandet har vore med å planleggje litt korleis dette skulle gå føre seg. Opplegget her er ein del av «Snakkast i fjorden», fortel Arne Øi frå FN Sambandet.

Han fortel at FN har vedtatt 17 målsettingar som det er viktig å lære om.

- Etter mi erfaring hjelper det ikkje så mykje å berre snakke om berekraftig utvikling. Ein må oppleve det og skjønne korleis ein kan bruke det i kvardagen, seier Øi.

Hoppa i sjøen

Brage Legernes (16) og Bastian Lagos (16) sørga for å få maks ut av turen til Håøy.

- Då vi eigentleg skulle jobbe huka eg tak i Bastian for at vi skulle gå å skifte til badekle, fortel ein kald Legernes.

For medan andre stod på land og henta ting frå sjøen, plaska Legernes og Lagos rundt som om det skulle ha vore ein varm sommardag.

- Det var veldig kaldt, men veldig forfriskande, seier dei lattermildt.

Til trass for det, var det ikkje første gong Bastian har lagt seg på sym i oktober.

- Denne dagen har vore betre enn vanleg skule, seier han.

Slappa av med uteyoga

Eit siste alternativ på Håøy, var uteyoga i eit gamalt skur. Der var stemninga sett med stearinlys, lyslenke, matter og teppe.

- Vi fekk med oss nokre gitar som ikkje var så gira. No har dei fått heilt overtenning, seier Eli-



PÅ HÅØYTOPPEN: Asne Vaktstjold, Victoria Risnes og Nora Carlsen hadde vore på Håøytoppen og skulle

ne Ramslien (16) og ler.

Saman med venninna, Catharine Høgquist (16), var ho klar for yoga etter ein tur på Håøytoppen.

- Det er veldig kjekt med fokus på noko anna enn vanleg skule, seier Høgquist.

Det er Ramslien heilt einig i.

- Det er kjekt å komme seg ut å gjere noko, seier ho.

Tre av dei som har vore med å planleggje miljødagen, er Ingrid Bachmann, Ulrik Schutz og Nina Holmedal.

Strålende nøgd

- Eg trur elevane var redd for at

dei skulle plukke plastikk i fem timar, alle tilbakemeldingane eg har fått hittil har i alle fall vore at dei har blitt positivt overraska av opplegget, fortel Ingrid Backmann med eit lurt smil.

Sjølv er ho miljøterapeut og ein del av miljøteamet på sku-

**Sirill Heimdal**

Journalist
sirill.heimdal@nordhordland.no
977 16 612

Skal du annonsere?

Ta kontakt med marknadsavdelinga:

Kurt Grindheim

kurt.grindheim@amedia.no Tlf. 416 12 002

Torbjørn Dalland

torbjorn.dalland@amedia.no Tlf. 902 01 680

Opningstider mandag til fredag 08.00 - 16.00



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Nh ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utval, Rådhusgt. 17, pb.46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf: 22405040, e-post: pfu@np-nr.no. Nh tar unna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nh.

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

ein slik dag neste år også



fortsette å gå tur.

FOTO: SIRILL HEIMDAL

len.

Assisterande rektor Ulrik Schutz fortel at ein av utfordringane dei har møtt var å få logistikken til å gå opp. Spesielt at kvar klasse skulle få delta på ein av aktivitetane dei hadde ønskt seg på førehand.

- Utfordringa er jo at det er

1000 elevar, men vi har prøvd, etter beste emne, å få det til å gå opp.

Alle tre vil presisere at dei er godt nøgd med korleis dagen har vore, og at dei har fått mange nye erfaringar og idear til neste år.

- Vi har prøvd så godt vi kan å

seie at elevane må hugse at miljødagen berre er ein dag, og at elevane må hugse å bruke kunnskapen dei har også alle andre dagar.



BIEHOTELL: Victoria Osvold (17) synest det var kjekt å byggje biehotell.

FOTO: SIRILL HEIMDAL



BEREKRAFT: Arne Øi frå FN Sambandet lærte elevar mykje nyttig om berekraft.

FOTO: SUNNIVA MYKLEBUST-HANSEN

FAKTA

Her er aktivitetane elevane kunne velje mellom:

- Aktivitetar på Håøy
- Tur til Lyngheiseret
- VilVite
- Naturhistorisk museum i Bergen + Bjerknessenteret for klimaforskning
- Visningsenteret på Marøy
- Tur til NGIR
- Tur til Flesland reinseanlegg
- Foredrag, film i Knarren og «plogging».
- Småkryp og insekthotell
- Foredrag om menneskerettar
- Friluftsliv
- Rollespel og klesbyttedag

**KNALL-
TILBUD**
på solskjerming!



Vi tømmer lageret for markiser
Lyngveien 2, 5914 Isdalstø
Gratis befraging: ☎ 900 90 100

SCANDIC
- et solekftart valg

www.scandic.no